

Kari Bremnes fekk Medaasprisen. – Salen var i ekstase

Vestlendingar og nordlendingar har mykje til felles, sa Kari Bremnes då ho mottok Medaasprisen.

Kari Bremnes fekk overrekk Medaasprisen under ein prisvinnarkonsert på Den Nationale Scene måndag.

Der fortalde ho om ein oppvekst med Ivar Medaas på radioen, og med ei mor som ofte las høgt frå Jacob Sande sine samlingar.

Bremnes, som vaks opp i Svolvær, meiner at Vestlendingar og nordlendingar har mykje til felles.

Plakett og 25.000 kr

Prisvinnarkonserten er populær. Konserten brukar å halda høg kvalitet og det er mange strilar som tek brukar å ta turen til byn for å få med seg hendinga.

Medaasprisen er ein bronseplakett av Os-kunstnaren Arne Mæland og 25.000 kroner.

Stor spennvidde

Solrun Toft Iversen er leiar for styret i Medaasprisen. Ho var svært stolt over å få dela ut prisen til Bremnes.

– Den store spennvidda i uttrykk og inspirasjon har på forunderleg vis gitt henne ei scene som berre tilhøyrer henne. Ho er alltid ærleg og personleg. Ho har alltid ei historie å fortelja, og historia rører ved noko i oss, sa ho i grunngevinga.

I ekstase

– Det var ein veldig flott kveld. Sjølv var eg mykje i kullisane for å passa på at alt gjekk som det skulle der, men eg fekk med meg at salen var heilt i ekstase. Det var over 400 menneske tilstades og me har fått veldig gode tilbakemeldingar, seier Claus Sellevoll.

I 2013 fekk han sjølv tildelt prisen, og seinare vart han spurt om han kunne tenkja seg å vera med i styret. Ei oppgåve han takka ja til med glede.



Me ser at mange gler seg til desse arrangementa og kjem att år etter år.

Claus Sellevoll

I Ivar si ånd

– Ivar Medaas og alt det han stod for betyr veldig mykje for mange, og for meg personleg har det også vore veldig viktig. Eg har jo bygd veldig mykje av karrieren mi på den tradisjonen han bygde opp, seier Sellevoll til Strilen.

Det er fjerde året på rad prisutdelinga gjekk føre seg på Den Nationale Scene. Ei løysing både arrangørane og Den Nationale Scene er godt nøgde med.

– Me ser at mange gler seg til desse arrangementa og kjem att år etter år, og det er jo eit godt teikn, seier Sellevoll.

I tillegg til prisvinnaren sjølv, fekk publikum høyra den unge trompetisten Viljar Bjørsvik Rath frå Knarvik, Arne Bø med det nye bandet sitt «Himmel og hav», Jan Eggum, Olav Stedje og ein svært opplagt Oddvar Thorsheim.

19 året

Medaasprisen er meint å hei dra utøvande kunstnarar, som i Ivar Medaas si ånd, tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar og som brukar eigen dialekt, skriv styret i Medaasprisen på sine nettsider.

Prisen vart første gong delt ut i 2000, og prisen vart delt ut for 19 året.

Tidlegare har blant anna Odd Nordstoga, Øystein Sunde, Jon Eikemo, Sigrid Moldestad, Herborg Kråkevik, Vamp og Lars Lillo-Stenberg fått prisen.

ANNE-LISE NORDPOLL
anne@strilen.no



Medaasprisen er ein bronseplakett av Os-kunstnaren Arne Mæland og 25.000 kroner.

FOTO: EIRIK BLINDHEIM

FÅ VARMEPUMPA I HUS FØR VINTEREN KJEM!

Gratis befaring!!

DAIKIN STYLISH

5.2kW
ved -5°C

4.7kW ved -15°C

A+++ Maks 6.9kW UTVIKLET I NORDEN
PRODUSERT I EUROPA

NYHET! Nytt, lekkert design!



TOSHIBA
VARMEPUMPER
toshibavarmepumper.no

Torvhusmyrane 2 • 5913 Eikangervåg
Tlf. 56 35 40 50 • www.hjelmaas.no

Hjelmas
VVS AS



Denne flotte gjengen bidrog til ein flott prisvinnarkonsert.